

Referat foreldremøte 3.sept

Me hadde besøk av Ketil Porsmyr frå organisasjonen MOT. Han snakka om å rusta til ungdomstida, samt korleis me er med kvarandre og kva kjensler me skapar hjå kvarandre. Han gjennomførte nokon konkrete oppgåver med foreldregruppa.

Saker 5-7.trinn

-Pga nedskjeringar ved skulen har med slått saman 5-7.trinn i fleire fag. Gruppa fungerer godt og det verkar som om 5.kl klarar seg bra med det pensumet gruppa har. Dei er positive og flinke til å svara i stor gruppe.

- Det vart vist biletet frå villmarksturen
- Felles fag : KRLE, Samfunnsfag, Naturfag, Gym, kunst og handverk, Musical og aktivitetstime.

KRLE er eit fag me vil ha fokus på å danne eigne meiningsa, verta reflektert og kunnskapsrik om andre religionar me har rundt oss.

Samfunnsfag er eit studiefag der me vil ha fokus på ulike studieteknikkar.

Kunst og handverk har Turid og Kristine saman.

Gym, alle må ha med gymklede, innesko samt handduk og såpe til dusjing. Dersom dette kan vera vanskeleg for nokon, gjer ein avtale med heimen og lærar Kristine. Om ein ikkje skal dusje skal ein ha melding med.

28.november viser gruppa ein musical som handlar om mobbing. Me inviterer søsken, foreldre og besteforeldre til ei kveldsforestilling.

Refernt Bjørghild

Aktivitetsplan haust 2018

SEPTEMBER

- 18. Trivselsdag
- 21. BliMe
- 24. Steinalderkurs
Veke 39 foreldresamtalar
- 28. Morgonsamling

Oktober

- Veke 40 Temaveke Bygdene våre.
- Veke 41 Haustferie
- 23. markering FN-dagen
- 24. Teaterforestilling i Haugatun

November







- 9. planleggingsdag
- 28. framføring musical

Desember

- Veke 49-50 Juleskule
- 18. julefest
- 21. siste skoledag før jul

Våren 2019

- 3.januar første skuledag
- 1.februar planleggingsdag
- Vinterferie veke 9
- Leirskule veke 11
- Symjing mellom vinterferien og påske



Leirskule

- Veke 11
- Vinteraktiviteter
- utstyr

7.trinn

- Forventningar til ungdomsskulen, drøfta påverknad og vegleiding til karakterer.
- Nasjonale prøvar, me jobber mot krava til 8.trinn.
- Val av vara FAU- Joanna Kulik